



Hundeskilta på Brekketoppen og i Geilo har positiv verknad.

**Nokre huseigarar på Brekketoppen og i Geilo har sett opp skiltet: LUFT GJERNE HUNDEN, MEN IKKJE HER i von om å sleppa hundskit i hagane. Uskedalen. no skrive om dette problemet før. Ved nokre høve har redaksjonen med rette vore krass i sin kritikk av dei med hund, og som slepp dyra inn i private hagar og let dei leggja frå seg avføring og jamvel der born leikar.**

I samtale med hageeigarane kjem det fram at skilta truleg har god verknad. Det er i alle høve ikkje registrert hundskit i hagane etter at skilta kom opp. Ei anna sak er at hin dagen var skilta snudd med teksten inn mot husa og blandt side mot vegen. Det kan vera ein protest i ei slik handling.

Det er positivt at skilta har verknad og denne påminninga truleg er nok til at vi slepp slik uverdigg handling frå nokre hundeeigarar.

Vi har likevel fått inn melding om at det ligg mykje hundskit i nokre mykje nytta turvegar i sentrum.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal